



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
02.03.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/2821 521.1
Dykkar referanse

Inge Hjelmtveit
Grov
5913 EIKANGERVÅG

Omgjering av kommunen sitt vedtak - produksjonstilskot per 20. august 2014 - Inge Hjelmtveit - Lindås

Fylkesmannen viser til vedtak om manuell utbetaling frå Lindås kommune, datert 10. februar 2015.

Bakgrunn

Du søkte om produksjonstilskot ved søknadsomgangen i august 2014 med søknadsfrist 20. august 2014. Du søkte om tilskot til 35 da fulldyrka jord, 40 da overflatedyrka jord og 57 da innmarksbeite, 32 sauer og 45 lam. Av desse sauene har 23 vaksne og 31 lam også gått på utmarksbeite.

Vurdering

Du klagar på for lite utbetalt tilskot ved utbetalinga i februar 2015. Du sette fram klaga 9. februar 2015, klagen er såleis kommen inn i rett tid.

Lindås kommune har gjeve deg medhald i klaga og løyvd deg kr 4.253,- i tillegg til det som vart betalt ut ved den sentrale utbetalinga.

Fylkesmannen vurderer at det ikkje er grunnlag for å tildela meir tilskot enn det som er betalt ut sentralt.

Tilskotet ditt er løyvd etter følgjande:

Du kan få tilskot for maksimalt innmarksbeite: $2,8 \text{ da} * 32 \text{ sauer} = 89,6 \text{ da}$. Du har søkt om tilskot til 57 da, når ein gangar dette med 0,6 (1 da innmarksbeite = 0,6 da fulldyrka jord) får ein 34,2 da tilskotsberettiga innmarksbeite.

Avgrensing av grovfôrareal (går fram av tabell 4.5 i rettleiingsheftet for produksjonstilskot for søknadsomgangen august 2014): sau som går meir enn 5 veker på utmarksbeite: 23 sauer * 2,2 da = 50,6 da. Sau som går mindre enn 5 veker på utmarksbeite: 9 sauer * 3,1 da = 27,9 da. Totalt vert dette 78,5 da, slik som oppsett i tilskotsbrevet ditt av februar 2015.

Vedtak

Fylkesmannen omgjer vedtaket til Lindås kommune og løyver ikkje meir pengar enn det som vart betalt ut ved den sentrale utbetalinga. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket av 22. mars 2002 med gjeldande rundskriv.

Klagerett

Du har rett til å klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ